

**Årsmøtet i Øvre Naustdal Utmarkslag
Instedalen Skule 09.03.13 kl. 14.**

Møtte: Normund Svoen, Inge Svorstøl, Marius Nes, Arne Kjell Fimland
Olav R Fimland, Arne Dvergsdal, Gudmund Eimhjellen, Olav Svoen
Norodd Bruflot, Andreas Sørebo, Odd Vonen. Ståle Fimland

Sak 1 Val av møteleiar.

Normund Svoen vart valgt

Sak 2 Val av skrivar.

Ståle Fimland vart valgt

Sak 3 Val av 2 til å skrive under møteboka

Inge Svorstøl og Arne Kjell Fimland vart valgt

Sak 4 Godkjenning av innkalling

Gjekk gjennom type innkalling og godkjente denne

Sak 5 Godkjenning av dagsorden

Gjennomgang av sakliste og godkjenning av denne

Sak 6 Årsmelding 2012.

Gjennomgang av årsmelding ved leiar.

Kommentarer til årsmeldinga:

Gjennomgang av viktige prosjekt som er gjennomført deriblandt heving av utløpet i Nesvatnet. Stor takk til alle som har bidratt til gjennomføring av alle prosjekta.

Er komme inn 240000 tusen til eit forprosjekt på næringsutvikling i landskapsvern området. All info om arbeidet i ØNU er å finne på heimesida.

Informert av Olav R Fimland at Utmarkslaget har 50 års jubileum i år og dette bør markerast.

Påpeika ein del ting rundt løyve som er gitt til løypekjøring med scooter til

Fosselva. Det er ikkje alle som er fornøgde med det gitte løyve.

En del diskusjon om scooter bruk generelt i utmark.

Styret i ØNU er gitt fullmakt til å dele ut 10 turar med snøscooter per år for

gruneigarar med hus og eigedom i LV området. Telefon eller tekstmelding til leiar for melding av behov er tilstrekkeleg.

Lokal forvaltning rundt landskapsvernet kan gjere ein del ting enklare

Årsmeldinga vart godkjent.

Sak 7 Parkeringsavgift ny parkeringsplass ved Vonavatnet.

Har vore ein del utgifter for å ruste opp parkeringsplassen ved Vonavatnet samt ein del utgifter med plassen i åra framover.

Dermed kjem da forslag om avgift for parkering grunna vedlikehaldet.

Innkreving på same måte som fiskekort. Med prisar som dette døgn, 20,-

helg. 50,- veke. 100,- sesong. 200,-

Årsmøte vedtok dette.

Sak 8 Rekneskap for 2011

Leiar gjekk gjennom rekneskapen for laget

En økning i sal av fiskekort siste året.
God oversikt og kontroll på økonomien i alle prosjekta.
Revisorane har gått i gjennom og funne rekneskapen rett
Rekneskapen vart godkjent.

Sak 9 Val

Styret:	Leiar	Normund Svoen	attval
Styremedlem:		Odd Vonen	ikkje på val
		Arne Dvergsdal	ikkje på val
		Gudmund Eimhjelen	attval
		Kjell Klopstad	attval
Varamedlem:		Narve Fimland	attval
		Kjell Arne Teigen	attval
Revisor:		Olav Svoen	attval
		Kjetil Fimland	attval
Valnemd:	leiar.	Andreas Sørebo	
		Marius Nes	

Valet vart godkjent

Sak 10 Eventuelt

Innkjøp av 2 stk. båter til bruk i Vonavatnet og Nesvatnet
Styret har bestilt og kjøpt inn desse. Skal brukast til utleige
Medlemmar i laget kan bruke dei vederlagsfritt.
Kjøpet vart tatt til vitande av årsmøtet.

Styret i utmarkslaget vill søke om innkjøp av scooter til bruk for medlemmane
Skal søke om midlar i Utviklingsfondet og event. innskot frå medlemmar i laget.
Skal nyttast til transport/nødvendig køyring for grunneigarane og event. løypekjøring
ved behov.

Kan plasserast i garasja til Normund Svoen på Svoa der det og er en slede til bruk.
Styret ønsker å søke om midlar no i mars for kjøp av denne.
Blir vurder ut i frå svar på søknad om midlar på kva som blir gjort vidare.

Utmarkslaget vart opprinnleg starta for å ta vare på fiske og utmarka til
medlemmane i laget. Er bra kvalitet på fisken som er i vatnet.
Blir oppmoda til å bli ført kontroll med all fising i Vonavatnet og mulig andre
Vatna i området. Garna må merkast og fiskekort må vere betalt.
Alle garn som vert sette skal vere merka med namn og adresse.

Fimland 09.03.13

Ref. Ståle Fimland